

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 DEP.
0033 OSLO

Høyring på endringar i Energiloven

Viser til høringsnotat "forslag til endringer i Energiloven" som blei offentliggjort 15. april 2015.

Innleiing

Finnås Kraftlag SA er eit samvirkelag med konsesjonsområde på Bømlo, - ein øykommune med fastlandsforbindelse via Trekantsambandet. Selskapet er vertikal integrert og driv med nett, kraftomsetning og breiband. Selskapet har om lag 7800 nettkundar, 7000 kraftkundar og 4200 breibandskundar. Finnås Kraftlag vart stifta i 1946, og var fram til 2010 eit andelslag. Då vart selskapet omdanna frå BA til SA, og er i dag eit ekte samvirkelag etter den nye samvirkelova.

Finnås Kraftlag har arbeid gjennom høringsnotat «forslag til endring av Energilova. Me registrerer at høringsnotatet frå Oed inneheld fleire forslag som truar eksistensen til små- og mellomstore selskap, og dermed indirekte også leveringstryggleik og beredskap i distrikts-Noreg.

Finnås Kraftlag støttar innhaldet i KS-bedrift sin høringsuttale, og vil såleis ikkje kommenterer alle momenta. Me vil peike på dei forhold som me meiner er viktige å framheva.

Før me kommenterer innhaldet i notatet, ynskjer me å gi litt informasjon om samvirkelag.

Føremålet til samvirkelag

Føremålet til Finnås Kraftlag SA er å:

- fremja interessene til innbyggjarar og verksemder i konsesjonsområdet,
- eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning,
- omsetja elektrisk energi,
- produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg,
- eiga, byggja og driva breibandsnett og andre elektroniske kommunikasjonsløysingar,
- driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknyting til føremålet,
- delta i tiltak med allmennytige føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde, og
- yta gåver til tiltak med allmennytige føremål i konsesjonsområde. (§2)

Vårt samvirkelag har med andre ord fleire oppgåver utover det å driva med energiforsyning.

Forventingar frå kundane våre

Våre medlemmer er både kundar og eigalarar. Dei har forventningar til at me skal levera eit sikkert og stabilt straumnett til ein akseptabel pris. I tillegg har dei forventningar til at me skal levera breibandstenester. Finnås Kraftlag har i dag 100 % fiberdekning på Bømlo. Fiberbreiband er heilt avgjerande for å sikre næringsutvikling og busetting i kommunen vår. Vår påstand er at dette ikkje ville vore mogleg, utan eit lokalt eige selskap.

Finnås Kraftlag tar samfunnsansvar og bidrar til ei positiv utvikling av lokalsamfunnet. Mellom anna ved å yta økonomisk støtte til allmennytige føremål.

Lokale arbeidsplassar er viktig for Bømlo samfunnet. Undersøkingar viser at kvar arbeidsplass i eit e-verk, bidrar til 2 ekstra arbeidsplassar i lokalsamfunnet.

Kundane våre måler oss altså ikkje berre på nettleige, resultat og avkastning, men på alle punkta nemnde ovanfor.

Kommentarar til høyringsnotatet.

Selskapsmessig og funksjonelt skilje

Oed foreslår selskapsmessig og funksjonelt skilje. I dag er det krav om skilje for selskap med meir enn 100.000 kundar. Me er kritiske til å fjerne denne grensa, då dette vil gi store utfordringar og auka kostnadene, særleg for dei små selskapa.

Funksjonelt skilje betyr og at små selskap ikkje lenger vil kunne dela ressursar effektivt mellom ulike verksemdområde. Konsekvensen vert at fleire selskap ikkje lenger vil evna å driva med kraftomsetning. Færre omsettarar betyr svekka konkurranse.

Eit lokalt eige selskap er, etter vår vurdering, til det beste for innbyggjarane i Bømlo. Kravet om selskapsmessig og funksjonelt skilje vil såleis berre bety ei ekstrarekning til våre medlemmar.

Er det hensiktsmessig å innføre tiltak som tvingar velfungerande selskap i kne?

Forslaget har som konsekvens at mange selskaper må omorganiserast i fleire sjølvstendige selskap, samtidig som selskapa sine tilsette i leiane stillingar ikkje lenger kan ha overlappande funksjoner innanfor både konkurranseutsett og monopolbasert verksem. Dette vil føra til at mange foretak/konsern vil måtte pådra seg omstillings kostnader knytta til å skille ut nettvirksomheten fra øvrig virksomhet.

For enkelte typer foretak vil det være større utfordringar knytta til å gjennomføra ovennevnte omorganisering enn for andre. For vanlege aksjeselskap vil endringane i stor grad kunne gjennomførast med selskapsrettslig, skattemessig og avgiftsmessig kontinuitet basert på gjeldande regelverk. For samvirkelag innebær imidlertid dei foreslalte endringane særskilte implikasjoner. For slike foretak medfører kravet om selskapsmessig skille enten at den aktuelle verksemda må leggjast i særskilte aksjeselskap utan lovbestemt adgang til selskapsmessig, skattemessig og avgiftsmessig kontinuitet, eller at samvirkeforetaket i sin helhet først vert omdanna til aksjeselskap.

I Finnås Kraftlag sine vedtekter står det at vesentlege vedtektsendringar slikt som «vesentlege endringar av føremålsparagrafen», krev tilslutnad frå minst fire femdelar av dei avgjevne røystene på to etterfølgjande ordinære årsmøte. Dette tilseier at Finnås Kraftlag SA må ha god tid på seg for vedtektsendringar i samband med eit eventuelt krav om selskapsmessig skille.

Kapitaltilgang og evne til å møte framtidige investeringar

Finnås Kraftlag er eit samvirke, og i motsetning til offentlege selskap med offensiv utbyttepolitikk, har ikkje eigarane i SA same høve til å tappe selskapet økonomisk. Ifølgje vedtekten våre, kan selskapet maksimalt gi 35% av årsoverskott i kjøpsutbytte. Dermed har ein sikra at selskapet ikkje vert utarma av eigarane. I tillegg har selskapet finansinntekter frå sitt eigarskap i Sunnhordland Kraftlag AS. Selskapet er solid og har ein eigenkapital på 84%. Finnås Kraftlag leverer også positive resultat på breibandsverksemda si.

Den største trusselen for selskapet er reguleringsrisiko, at styresmaktene vil stramma inn så hardt at me ikkje lenger vil klare å levera avkastning på nettdrifta.

Leveringstryggleik

Me meiner at eit lokalt eigmend e-verk er den beste garanti for leveringstryggleik og beredskap på Bømlo.

Ein konsekvens av reguleringsmodellen og KILE-ordninga er at det ved større feil i nettet vil vera mest lønsamt å utbeta feil i sentrale område. Det same forholdet vil gjelde for investeringar, og fornying vil såleis skje der det er mest lønsamt. Det er naturleg at offentlege og private selskap med store krav til avkastning, vil tenkja på ein annan måte enn eit lokalt samvirkelag. I vår filosofi og ut i frå samvirketankegangen er alle kundar «like mykje verd». Med eit lokalt selskap, vil nettleige frå kundane på Bømlo bli investert tilbake i lokalsamfunnet. Med eit større selskap vil kapital bli flytta frå bygd til by.

Beredskap

Vårt inntrykk er at små selskap generelt har god beredskap. Erfaringar frå katastrofar som til dømes orkanen Dagmar viste at dei små selskapa takla utfordringane på ein særskilt godt måte. Når ulykka er ute er det viktig med god lokalkunnskap og kort geografisk avstand til kommunal kriseleiing. Dette kom tydleg fram då me i vinter gjennomførte ei stor 3-dagars beredskapsøving i lag med Kommunen og VA selskapet.

Kompetanse

Reitenutvalet peikar på at små selskap slit med å skaffe nødvendig kompetanse. Me meiner at kompetanse-utfordringar effektivt kan løysast gjennom forpliktande samarbeid mellom fleire selskap. I vår region, har me gode erfaringar med dette. Me kan til dømes nemna felles beredskapskoordinator, deling av HMS-ressursar, samarbeid om AMS, driftssentral, IKT etc. .

Oppsummering

Me vil oppsummera synspunkta våre slik:

- SA har evne både økonomisk og organisatorisk til å møte utfordringane høyringsnotatet peikar på
- Funksjonelt skilje er unødvendig, kostnadskrevjande, og ein trussel mot små selskap. Det vil også medføre ei betydelig ekstrarekning til kundar i distrikts-Noreg
- Funksjonelt skilje vil redusere leveringstryggleiken for selskap i distriktet, og svekke beredskapen
- Investeringar vert flytta frå bygd til by
- Kapital-utfordring er først og fremst eit problem for offentleg eigde selskap, ikkje for samvirkelag
- Selskapa i distrikta har ikkje same etterslep på investeringar som bransjen elles (vår påstand)
- Kompetanse og arbeidsplassar vil forsvinne frå distrikta
- Kompetanse-utfordringar kan løysast gjennom forpliktande samarbeid
- Færre kraftomsettalar betyr svekka konkurransen
- SA vert målt på andre områder i tillegg til pris og økonomiske resultat
- Lokalt samfunnsansvar vert skadelidande

Oed foreslår fleire tiltak som legg til rette for strukturendringar. Færre nettselskap vil kanskje kunne bety effektivisering og kostnadsreduksjon. Me vil likevel minne om at teoretiske synergieffektar ikkje alltid lar seg realisera. Eit eksempel på dette er fusjonen mellom Trønderenergi og Trondheim Energi. Samanslåinga førte til ei auke i nettleiga på kr 850,- i Trondheim, og reduksjon på kr 1000 for kundar i Trønderenergi sitt område. Kundar i Trondheim var på førehand lova at nettleiga, etter ein overgangsperiode, skulle vera uendra. I ettertid har det vist seg å vera vanskelig å gjennomføre rasjonaliseringstiltaka, og kundar i dette området har truleg fått ei varig auke i nettleiga.

Avslutningsvis vil me hevde at kostnad og ulempe ved å innføra selskapsmessig og funksjonelt skilje er større en antatt gevinst. Tiltaka som Oed foreslår, vil truleg bety slutten for fleire små selskap. Samfunnsansvar, leveringstryggleik og beredskap i distrikta vi bli skadelidande.

Med venleg helsing
Finnås Kraftlag

Nils Gunnar Gloppen
Elverksjef